

Internt notat

Til: Gry Åsne Aksvik, Kjetil Midtgarden Vaagen, Turid Opsund, Per Wraa, Kjell Christenson

Mandat for arbeidsgruppe – pumpekraftverk i Rjukanstrengen

1. Bakgrunn

Mårutbygginga og Rjukanstrengen er to større konsesjonssaker for etablering av pumpekraftverk i Tinn kommune. Både prosjekta har potensielt stor påverknad på miljø, samfunn og kraftsystem også for Vinje kommune. For å sikre heilskapleg fagleg vurdering, effektiv ressursbruk, koordinert og rask framdrift, etablerar kommunedirektøren ei arbeidsgruppe.

2. Formål

Arbeidsgruppa skal:

- Sikre samordning av kommunale interesser i konsesjonsprosessen
- Fremje heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og samfunnsmessige tilhøve
- Bidra til effektiv sakshandsaming og redusere risiko for overlappande eller motstridande tiltak
- Vere eit forum for strategisk dialog mellom aktørane
- Sikre politisk forankring

3. Mandat

Arbeidsgruppa skal:

- Følgje opp framdrift og milepælar i prosjektet
- Identifisere og handtere grenseflater og synergi
- Initiere og koordinere felles utgreiingar og høyringsprosessar der det er tenleg
- Gje råd og vere proaktiv overfor konsesjonsmyndigheiter og prosjektleiing
- Sikre god dialog med berørte interessentar og lokalsamfunn.
- Framskaffe kunnskapsgrunnlag og erfaringar frå liknande prosessar i andre kommunar
- Sikre politisk forankring og avgjerder tidlegast råd i prosessane

4. Samansetning

Arbeidsgruppa skal bestå av:

- Gry Åsne Aksvik, kommunalsjef for Økonomi og samfunn
- Turid Opsund, rådgjevar plan
- Kjell Christenson, rådgjevar næring
- Per Wraa, landbruksrådgjevar
- Tone Aanderaa Kiste, Kraftkompetanse KO
- Kjetil M. Vaagen, konst. kommunalsjef for Teknisk drift og infrastruktur
- Jan Myrekrok, kommunedirektør

Eventuelt andre relevante fagmyndigheiter eller interessegrupper inviterast etter behov.

5. Møtestruktur

- Ordinære møter blir haldne kvar månad, eller oftare ved behov
- Ekstraordinære møter kan innkallast ved viktige avgjerdspunkt
- Referat blir ført og distribuert til alle medlemmene, samt lagt som referatsaker til formannskapet

6. Varigheit

Arbeidsgruppa etablerast for perioden fram til endeleg konsesjonsvedtak i både sakene i Tinn er fatta, slik at ein kan følgje opp moglege konsekvensar av revisjon av vilkåra kring Mår- og Gøystvassdraget. Mandatet kan reviderast ved behov.

7. Økonomi

Kostnader knytt til arbeidsgruppas arbeid blir dekt innom gjeldande budsjett for berørte tenesteområde.

8. Døme frå andre kommunar

LVK og THEMA Consulting Group har i 2024 utarbeidd ein rapport som belyser vertskommunanes rolle i effekt- og pumpekraftverk. Rapporten peikar på behovet for lokal forankring og kompensasjon for miljøpåverknad. Erfaringar frå kommunar som Suldal (Saurdal kraftverk) og Aurland (Aurland III) viser viktigheita av tidleg involvering av lokale aktørar og etablering av arbeidsgrupper for koordinering og interesseavklaring. Rapporten tilrår òg betre fordeling av verdiskaping og administrative ressursar til vertskommunane.